

Takstsamarbeid buss/tog

Representanten **Marthe Hammer (SV)** har stilt slik spørsmål:

I nyheitssak frå april er det status på takstsamarbeid mellom Entur og fylkeskommune for reisande mellom Arna og Bergen: <https://www.skyss.no/en/nice-to-know/news-from-skyss/avtale-om-rute--takst--og-billettsamarbeid-i-hordaland/>

I saka står det: «at dagens løsning med kombinasjonsbillett for buss og tog utgår, og erstattes ved at samarbeidet om enhetstakst utvides slik at Skyss sine periodebilletter kan benyttes på hele strekningen Bergen–Voss.»

Spørsmål:

- Slik det er no gjeld takstsamarbeidet berre periodebillettar og ikkje einskildbillettar. Kva er grunnen til dette?
- Kva er status for samarbeid om einskildbillettar?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

I sone A gjeld takstsamarbeidet både enkeltbillettar og periodebillettar. Dette betyr at mellom Bergen og Arna/Trengereid vil ein kunne reise både med enkeltbillettar og periodebillettar. I dei andre takstsonene og for sonekryssande reiser frå/til sone A gjeld takstsamarbeidet berre periodebillettar og ikkje enkeltbillettar. Bakgrunnen for dette er at Bergensbanen mellom Bergen og Voss har en stor del ikkje faste reisande som kjøper enkeltbillett. Eit takstsamarbeid både for enkeltbillettar og periodebillettar vil derfor innebere ein betydeleg kostnad for Vestland fylkeskommune. I utvidinga av avtalen vart det lagt vekt på å betre tilbodet til dei som pendlar eller reiser ofte. Årleg takstkompenasjon frå fylket til Jernbanedirektoratet vil vere avhengig av tal reisande, men er estimert til mellom 28 og 30 mill. Det vart orientert om utvida takstsamarbeid med Jernbanedirektoratet i sak i MISA februar 2019 (RS 13/2019).

I tråd med tidlegare politiske vedtak har Skyss gått i dialog med Vy vedrørende dagens billettsamarbeid. Målet er at samarbeidet skal inkludere enkeltbillettar mellom Bergen og Arna/Trengereid. Partane er nå blitt einig om dette, men før dette kan realiserast har Vy stilt som krav at enkeltbillettar for buss/tog mellom Bergen – Arna/Trengereid skal vere tilgjengelig i Vy sin billett app (i tillegg til Skyss sin billett app). Entur skal leggje til rette for dette på vegne av Vy, men Entur er midt i ein prosess kor dei skal over til ein ny plattform, og mens dette arbeidet går føre seg har dei sett annan utvikling på vent. Dette gjeld også tilrettelegging for app-kjøp av enkeltbillettar buss/tog mellom Bergen – Arna/Trengereid. P.t. har ikkje Skyss fått dato for slutføring.